



Åsane Byggmesterforretning AS
Hesthaugvegen 18
5119 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/150 - 15/12805

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
28.10.2015

Byggesak gbnr 24/86 Bø - asylmottak - søknad om bruksendring - innkalling til førehandskonferanse

Det vert vist til førespurnad om førehandskonferanse.

Tid og stad

Det er etter avtale med Norsk Folkehjelp sett av tidspunkt for førehandskonferanse **fredag 30. oktober kl 12.30-13.30.**

Førehandskonferansa vert på råhuset på Manger, møterom Skageneset i 1. etg.

Om tidspunktet ikkje høvar må dette meldast tilbake til kommunen snarast mogeleg.

Tema

Førehandskonferanse gjeld gbnr 24/86 i Radøy kommune.

Det er opplyst at førehandskonferansa gjeld søknad om bruksendring av Hordabøheimen frå sjukeheim til asylmottak for einslege, mindreårige asylsøkjjarar. Det er ikkje opplyst konkret kva ein ynskjer å ta opp med bygningsstyresmakta. Om de har konkrete tema/spørsmål de ynskjer å drøfte er det eit føremonn om desse vert sendt til kommunen i forkant av konferansen.

Føremål og innhald i førehandskonferanse er skildra i byggesakforskrifta (SAK) § 6-1, der det m.a. står at konferansen skal avklare tiltakets føresetnader og rammene for vidare sakshandsaming. Kommunen vil føre referat frå konferansen, og dette vil m.a. danne grunnlag for vidare handsaming.

Deltakarar

Bygningsstyresmakta har ikkje innkalla andre kommunale fagetatar til konferansa. Om dykk har spørsmål knytt til andre fagområde enn byggesak, til dømes plan eller offentleg infrastruktur, ber me om at de meldar dette til kommune før konferanse.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Norsk Folkehjelp
Radøy Bemanning AS

Vetåsvegen 181 5938

SÆBØVÅGEN

Mottakarar:

Åsane Byggmesterforretning AS

Hesthaugvegen 18 5119

ULSET